



Klare ved Fjellandsbø for klatring i Vetletindpilaren: Foran sit Odd Kili frå Sauda og Helge Rolland frå Bergen. Bak står, frå venstre, Kristian Ytre-Hauge (Bergen), Olav Glosli (Bergen, instruktør), Stig Anders Hordvik (Arna), Odd Magne Øgreid (Bergen, instruktør), John Kili (Sauda) og Veronica Bauge (Florø). (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Fredag kveld vart ein lavvo-landsby etablert innunder Fjellandsbø i Uskedalen med nær 50 fjellsport-entusiastar busett i Bergen som bebuarar. Og før klokka 10 laurdag føremiddag var alle i aksjon ute i naturen, delt på fire grupper.**

- Deltakarane i denne samlinga er slike som likar det bratte friluftsliv, sa klatre-instruktør Odd Magne Øgreid til

uskedalen.no. Saman med Olav Glosli sto han klar til å leia ei gruppe på åtte i Vettletindpillaren rett opp for Musland. Det er ikkje berre den lettast tilgjengelege av dei mange spennande klatrerutene i Nåso, men også ein av dei lettaste.

- Vi legg ikkje opp noko krevjande klatreprogram, vi heng opp tau og så får deltakarane prøva seg på klatring og rapellering, sa Odd Magne. Han er trufast klatregjest i Uskedalen og no i innspurten med den nye og etterlengta klatreføraren..

To av deltakarane skulle prøva seg på ei anna rute, den som heiter "Hvorfor er ikke dette loddrett?"

Allereie klokka seks lørdag morgon dro 12 av deltakarane i Uskedalsturen til DNT-Fjellsport Bergen avgarde med Bjørndalstraversen som mål. Turen skulle gå frå Muruadalen over Andersfjellet til Bjørndalstind (1.426 meter over havet) før gruppa tok seg fram langs den kvasse Bjørndalseggen mellom Bjørndalstind og Juklavasskrona.

To timar seinare reiste ei gruppe på 16 avgarde mot Botnabreen. Dette er ein av dei mange flotte brearmene frå Folgefonnplataet og ned mot vest.. Breen er lett tilgjengeleg slik at turdeltakarane kunne bruka mesteparten av dagen i isen. Ein annan fordel var at dette brefallet gjev moglegheit både for lett vandring med utsikt og meir spennande og utfordrande klyving i brattare is. Dermed kunne alle få ei passande utfordring.

Gruppe nummer tre med 10 deltakarar dro frå leiren med toppen av Ulvanåso som mål. I introduksjon heitte det at "dette er turen for deg som vil sova litt lenger laurdag morgon og som ikkje trenger kjenna adrenalinet pumpa for å føla at du lever". Turen skulle etter programmet ta sju timar i roleg tempo.

DNT Fjellsport Bergen har rundt 400 medlemmer, men inngår i Bergen Turlag som med sine 21.000 medlemmer er den største friluftsansjasjon på Vestlandet.

Her har også Uskedalen ein utruleg spanande marknad å henta besøkjande frå!

Av Ola Matti Mathisen